



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/19194 - 21/9689

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
12.02.2021

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 445/470 Manger nedre

**Tiltak:** Garasje  
**Byggjestad:** Gbnr: 445/470  
**Tiltakshavar:** Alexander Lavik

### Saka gjeld

Alver kommune har i administrativt vedtak datert 11.02.2021 gitt dispensasjon frå utnyttingsgrad i reguleringsplan for oppføring av garasje på bygd bustadeigedom på gbnr 445/470.

Søknaden har ikkje vore send på høyring til Statsforvaltaren i Vestland. Vedlagt følgjer vedtaket til klagevurdering.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for mindre endring Langhøyane, planid. 1260-2017000300, er avsett til byggeområde for frittliggande bustadar, BF10. Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

Det går fram av kommunedelplanen for Radøy, delrevisjon 2019, at reguleringsplanen gjeld, med endring/supplering av kommuneplanen sine føresegnar slik det går fram av føresegn 4.12.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post [anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no) eller på telefon 56 3750 00.

**Regelverk**

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjon og løyve til oppføring av garasje - gbnr 445/470 Manger nedre  
Situasjonsplan  
Teikningar

**Kopi til:**

Alexander Lavik	Langhøyane 75	5936	MANGER
Linn-Therese Kvamme	Langhøyane 75	5936	MANGER

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------